



DELEGASJONSREGLEMENT



Samnanger kommune

Vedteke av kommunestyret 20.02.03.

INNHALD:

1. KOMMUNESTYRET	S. 2
2. DELEGASJON TIL PERSONAL- OG ØKONOMIUTVALET	S. 3
3. DELEGASJON TIL UTVAL FOR OPPVEKST OG OMSORG	S. 5
4. DELEGASJON TIL UTVAL FOR NATUR	S. 8
5. DELEGASJON TIL KYRKJERÅD	S. 11
6. DELEGASJON TIL ORDFØRAR	S. 11
7. DELEGASJON TIL VARAORDFØRAR	S. 13
8. DELEGASJON TIL LEIAR FOR SKATTEUTVALET	S. 13
9. .DELEGASJON TIL SKATTEUTVALET	S. 13
10. DELEGASJON TIL ADMINISTRASJONSSJEFEN	S. 13
11. KLAGEREGLAR	S. 20
12. ADMINISTRASJONSSJEFEN SITT RAPPORTERINGSANSVAR	S. 21
13. ADMINISTRASJONSSJEFEN SITT INFORMASJONSANSVAR	S. 21
14. GENERELLE REGLAR FOR BRUK AV DELEGERT FULLMAKT	S. 21

1 KOMMUNESTYRET.

§ 1.0 Overordna mynde.

Kommunestyret er kommunen sitt øvste politiske organ med overordna ansvar for heile verksemda til kommunen. Kommunestyret skal på grunnlag av prinsipp og temadebattar velja satsingsområde og prioritera tiltak.

§ 1.1 Saker kommunestyret avgjer sjølv.

Kommunestyret tek sjølv avgjerd i desse sakene:

- 1.1.01** Saker om val til faste kommunale utval, og elles andre utval når myndet ikkje er lagt til andre. Saker om val av kontrollutval og ordning av revisjonen, mottaking av rekneskapsutgreiingar og utgreiingar om drifta, og her under gje eller tilrå aktuelle godkjenningar.
- 1.1.02** Saker om delegering av kommunal mynde til faste kommunale utval, til styre eller råd for kommunal verksemd eller til interkommunalt styre for verksemd som er sett til å løysa kommunale/interkommunale oppgåver. I samband med førehavinga av årsmeldinga vert delegeringa av mynde evaluert.
- 1.1.03** Saker om reglement for kommunale politiske organ.
- 1.1.04** Kommuneplanen sin langsiktige del og handlingsprogrammet til denne, her under økonomiplan, årsbudsjett med skattevedtak, avgiftsvedtak, eigenbetalingsvedtak og låneopptaksvedtak. Kommunestyret skal elles, gjennom temadebattar, sikrast tidleg innverknad på dette planarbeidet.
- 1.1.05** Saker som gjeld opptak av kommunale lån.
- 1.1.06** Saker om nye tiltak eller endringar i eksisterande tiltak, når desse går ut over vedtekne økonomiske rammer eller overordna planar.
- 1.1.07** Årsrekneskap og årsmelding for kommunen.
- 1.1.08** Saker om å kjøpa, avhenda, makeskifta eller pantsetja fast eigedom, og saker om å gje frå seg eller hefta bort rettar i fast eigedom. Slike saker er likevel delegerte til personal- og økonomiutvalet når eigedomen eller rettane har ein verdi på mindre enn 1 mill. kroner. Når kommunestyret sjølv har vedteke at ein bestemt eigedom skal kjøpast, avhendast eller heftast bort og ikkje sjølv har fastsett prisen, er mynde til å gjera dette delegert til personal- og økonomiutvalet. Mynde til å kjøpa, avhenda eller festa bort, og til å fastsetja pris, har personal- og økonomiutvalet også når det gjeld gjennomføring av vedtak kommunestyret har gjort.

1.1.09 Saker om konsesjonar eller avtalar om leveransar, bruksrettar eller særlege råderettar som anten bind kommunen for meir enn 5 år eller har mykje å seia for kommunen sin økonomi. Slike saker er likevel delegerte til personal- og økonomiutvalet når verdien det er tale om er lågare enn kr. 1 mill.

1.1.10 Saker om å garantera for andre sine økonomiske plikter.

1.1.11 Godkjenning av reguleringsplanar.

1.1.12 Tilsetjing av administrasjonssjef.

1.1.13 Saker om arbeidsvilkår og godtgjersle for kommunale tillitsverv.

1.1.14 Eventuelle andre saker der lov krev det eller saka sin art gjer det naturleg at kommunestyret sjølv tek avgjerd.

1.1.15 Delegasjonsreglementet må opp til drøfting, evt. revisjon ein gong i løpet av kommunestyreperioden, helst midt i perioden.

2 DELEGASJON TIL PERSONAL- OG ØKONOMIUTVALGET

§ 2.0 Val og samansetting.

Personal- og økonomiutvalet består av 5 medlemmer med varamedlemmer valde for den kommunale valperioden.

Medlemmane i personal- og økonomiutvalet skal veljast av og mellom medlemmane i kommunestyret ved høvetalsval. Ordførar og varaordførar er høvesvis leiar og nestleiar.

§ 2.1 Hovudregel.

Personal- og økonomiutvalet har mynde til å ta avgjerd på vegne av kommunestyret eller leggja til rette dei sakene som ligg til personal- og økonomiutvalet sitt naturlege arbeids- og ansvarsområde og som kommunestyret ikkje har delegert til andre (forvaltningsstyre, administrasjonssjef) eller teke unna retten til å avgjera sjølv. Det same gjeld vedtak som vert gjort med heimel i særlov dersom lova opnar for delegering til anna organ enn kommunestyret sjølv, og lova ikkje har andre reglar som går framom.

§ 2.2 Arbeids- og ansvarsområde.

Personal- og økonomiutvalet skal:

2.2.01 Leggja til rette for og følgja opp gjennomføringa av kommuneplanen sin langsiktige del og handlingsprogrammet med økonomiplan. Det skal leggjast særleg vekt på vedtekne satsingsområde.

- 2.2.02** Leggja til rette for og følgja opp arbeidet med årsbudsjettet, og ha eit særleg ansvar for samordning av økonomiplanarbeidet. Personal- og økonomiutvalet gjev budsjettinnstilling til kommunestyret.
- 2.2.03** Gje innstilling vedkomande årsmelding. Personal- og økonomiutvalet får eit særleg ansvar for etablering av rutinar for tilbakemelding til kommunestyret om bruken av delegasjonsfullmaktene.
- 2.2.04** Vera sektorovergripande kommuneplannemnd med innstillingsrett til kommunestyret.
- 2.2.05** Kjøpa, avhenda, makeskifta eller pantsetja fast eigedom, og avgjera saker om å gje frå seg eller hefta bort rettar i fast eigedom innanfor ei økonomisk ramme på 1 mill. kroner. Når kommunestyret sjølv har vedteke at ein bestemt eigedom skal kjøpast, avhendast eller heftast bort og ikkje sjølv har fastsett prisen, er mynde til å gjera dette delegert til personal- og økonomiutvalet. Mynde til å kjøpa, avhenda eller festa bort, og til å fastsetja pris, har personal- og økonomiutvalet også når det gjeld gjennomføring av vedtak kommunestyret har gjort.
- 2.2.06** Føra ein dialog med administrasjonen for å utvikla tillit og avklara tilhøvet mellom politikk og administrasjon.
- 2.2.07** Vera valstyre for kommune- og fylkestingvalet og stortingsval i medhald av Lov om stortingsval, fylkestingval og kommuneval (vallova av 1. mars 1985 nr. 3) og ha all mynde etter denne lova. Kommunestyret delegerer til valstyret å oppnemna røystestyra.
- 2.2.09** Føra tilsyn med og samordna beredskapsarbeidet som kommunen er pålagt i samsvar med:
 Lov om særlege rådegjerder under krig, krigsfare og liknande forhold av 15.12.50.
 Lov om forsynings- og beredskapstiltak av 14.12.56
 Lov om sivilforsvaret av 17.07.53
 Lov om helsemessig beredskap av 02.12.55
 Lov om forsvarsmessig sikring av kraftforsyningen av 25.06.48
 Lov om kommunen og fylkeskommuner av 25.09.92
 Personal- og økonomiutvalet skal føra tilsyn med beredskapsrådet. Det kan påleggja kommunale nemnder, styrer og råd om å utføra beredskapsoppgåver som vedkjem eige arbeidsområde.
- 2.2.10** Ha mynde i ekspropriasjonssaker: Personal- og økonomiutvalet gjer vedtak om, eller kan søkja om godkjenning for, ekspropriasjon etter Plan- og bygningslova av 14.06.85 nr.77, jamfør lova kapittel V111, med unnatak for § 35 nr.2, § 36 og § 37, og Lov av 23.10.59 om oreigning av fast eigedom.
- 2.2.11** Personal- og økonomiutvalet får fullmakt til å tilsetja, og seia opp ass.administrasjonssjef, samt gjera vedtak om løns-og arbeidsvilkår for adm.sjef og ass.adm.sjef.

- 2.2.12** Saker om konsesjonar eller avtalar om leveransar, bruksrettar eller særlege råderettar som anten bind kommunen for meir enn 3 år eller har mykje å seia for kommunen sin økonomi vert delegerte til personal- og økonomiutvalet når verdien det er tale om er lågare enn kr. 1 mill.
- 2.2.13** Medlemane i personal- og økonomiutvalet utgjer saman med to arbeidstakarrepresentantar det partsamansette utvalet – administrasjonsutvalet.
- 2.2.14** Personal- og økonomiutvalet legg fram HMS-rapport kvart halvår for kommunestyret.
- 2.2.15** Personal- og økonomiutvalet skal arbeide med næringspolitiske saker i kommunen.

§ 2.3 Prinsipielle saker.

Utover oppgåvene som er lista under punkt § 2.2 skal personal- og økonomiutvalet berre ha føre saker av prinsipiell eller politisk karakter.

§ 2.4 Hastemynde.

Formannskapet mynde til å treffa vedtak i saker som ordinært skulle vore avgjort av kommunestyret, i dei høve det er turvande å treffa vedtak så raskt at det ikkje er tid til å innkalla kommunestyret, jfr. Kommuneleva § 13 pkt. 1. Melding om slikt vedtak skal leggjast fram for kommunestyret ved første høve.

3 DELEGASJON TIL UTVAL FOR OPPVEKST OG OMSORG.

§ 3.0 Val og samansetting.

Utval for oppvekst og omsorg består av 7 medlemmer med varamedlemmer, valde av kommunestyret for den kommunale valperioden.
Leiar og nestleiar vert valde av kommunestyret.

§ 3.1 Arbeids- og ansvarsområde.

- 3.1.01** Utval for oppvekst og omsorg skal fungera som kulturskuleutval.
3.1.02 Utval for oppvekst og omsorg deler ut kulturprisen.

§ 3.2 Delegasjon etter særlov med tilhørende føresegner.

I medhald av kommunelova § 10 nr. 2, delegerer kommunestyret til utval for oppvekst og omsorg å gjera vedtak i alle saker som gjeld kommunestyret sitt ansvarsområde, så langt det er høve til det og så langt slik avgjerdsrett ikkje er delegert til personal- og økonomiutvalet, naturutvalet eller administrasjonssjefen.

3.2.01 Lov om opplæring og den vidaregåande opplæringa av 17. juli 1998 nr. 61.
Kommunestyret delegerer avgjerdsretten sin etter opplæringslova til utval for oppvekst og omsorg, så langt det er høve til det og så langt slik avgjerdsrett ikkje er delegert til administrasjonssjefen.

3.2.02 Lov om barnehager av 5. mai 1995 nr. 19.
Kommunestyret delegerer avgjerdsretten sin etter barnehagelova til utval for oppvekst og omsorg, så langt det er høve til det og så langt slik avgjerdsrett ikkje er delegert til administrasjonssjefen.

3.2.03 Lov om voksenopplæring av 28. mai 1976 nr. 35.
Kommunestyret delegerer avgjerdsretten sin etter vaksenopplæringslova til utval for oppvekst og omsorg, så langt det er høve til det og så langt slik avgjerdsrett ikkje er delegert til administrasjonssjefen.

3.2.04 Lov om folkebibliotek av 20. desember 1985 nr. 108.
Kommunestyret delegerer avgjerdsretten sin etter biblioteklova til utval for oppvekst og omsorg, så langt det er høve til det og så langt slik avgjerdsrett ikkje er delegert til administrasjonssjefen.

3.2.05 Lov om film og videogram av 15. mai 1987 nr. 21
Kommunestyret delegerer avgjerdsretten sin etter film og videogramlova til utval for oppvekst og omsorg, så langt det er høve til det og så langt slik avgjerdsrett ikkje er delegert til administrasjonssjefen.

3.2.06 Lov om Kulturminner av 9. juni 1978 nr. 50.
Kommunestyret delegerer avgjerdsretten sin etter kulturminnelova til utval for oppvekst og omsorg, så langt det er høve til det og så langt slik avgjerdsrett ikkje er delegert til administrasjonssjefen.

3.2.07 Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v. av 2. juni 1989 nr. 27.
Kommunestyret delegerer avgjerdsretten sin etter alkohollova til personal- og økonomiutvalet, så langt det er høve til det og så langt slik avgjerdsrett ikkje er delegert til rådmannen.
Personal- og økonomiutvalet er kontrollutval for sal- og skjenkesaker.

3.2.08 Lov om barneverntenester av 7. juli 1992 nr. 100
Kommunestyret delegerer avgjerdsretten sin etter barnevernlova til personal- og økonomiutvalet, så langt det er høve til det og så langt slik avgjerdsrett ikkje er delegert til adm.sjefen.

- 3.2.09** Lov om sosiale tenester m.v. av 13. desember 1991 nr. 81
Kommunestyret delegerer avgjerdsretten sin etter sosialtenestelova til personal- og økonomiutvalet, så langt det er høve til det og så langt slik avgjerdsrett ikkje er delegert til adm.sjefen.
- 3.2.10** Lov om helsetenesta i kommunane av 19. november 1982 nr. 66
Kommunestyret delegerer avgjerdsretten sin etter helsetenestelova til personal- og økonomiutvalet, så langt det er høve til det og så langt slik avgjerdsrett ikkje er delegert til adm.sjefen.
- 3.2.11** Lov om etablering og gjennomføring av psykisk helsevern av 2. juli 1999 nr. 62. og tilhøyrande føresegner
Kommunestyret delegerer avgjerdsretten sin etter psykisk helsevernlova til utval for oppvekst og omsorg, så langt det er høve til det og så langt slik avgjerdsrett ikkje er delegert til administrasjonssjefen.
- 3.2.12** Lov om vergemål for umyndige av 22. april 1927 nr. 3.
Kommunestyret delegerer avgjerdsretten sin etter vergemålslova til adm.sjefen så langt det er høve til det.
- 3.2.13** Lov om spesialisthelsetjenesten m.m. av 2. juli 1999 nr. 61.
Kommunestyret delegerer avgjerdsretten sin etter spesialisthelsetenestelova til utval for oppvekst og omsorg, så langt det er høve til det og så langt slik avgjerdsrett ikkje er delegert til administrasjonssjefen.
- 3.2.14** Lov om helsepersonell m.v. av 2. juli 1999 nr. 64.
Kommunestyret delegerer avgjerdsretten sin etter helsepersonellova til utval for oppvekst og omsorg, så langt det er høve til det og så langt slik avgjerdsrett ikkje er delegert til administrasjonssjefen.
- 3.2.15** Lov om pasientrettigheter av 2. juli 1999 nr. 63.
Kommunestyret delegerer avgjerdsretten sin etter pasientrettslova til utval for oppvekst og omsorg, så langt det er høve til det og så langt slik avgjerdsrett ikkje er delegert til administrasjonssjefen.
- 3.2.16** Lov om serveringsvirksomhet av 13. juni 1997 nr. 55.
Kommunestyret delegerer avgjerdsretten sin etter serveringslova til utval for oppvekst og omsorg, så langt det er høve til det og så langt slik avgjerdsrett ikkje er delegert til administrasjonssjefen.
- 3.2.17** Lov om tilsyn med næringsmidler m.v. av 19. mai 1933 nr. 3.
Kommunestyret delegerer avgjerdsretten sin etter næringsmidellova til utval for oppvekst og omsorg, så langt det er høve til det og så langt slik avgjerdsrett ikkje er delegert til administrasjonssjefen.
- 3.2.18** Lov om stadnamn av 18. mai 1990 nr. 11.
Kommunestyret delegerer avgjerdsretten sin etter Lov om stadnamn til utval for oppvekst og omsorg, så langt det er høve til det og så langt slik avgjerdsrett ikkje er delegert til administrasjonssjefen.

- 3.2.19** Lov om vern mot smittsomme sykdommer av 5. august 1994 nr. 55.
Kommunestyret delegerer avgjerdsretten sin etter Lov om vern mot smittsomme sykdommer til utval for oppvekst og omsorg, så langt det er høve til det og så langt slik avgjerdsrett ikkje er delegert til administrasjonssjefen.
- 3.2.20** Lov om adopsjon av 28. februar 1986 nr. 8
Kommunestyret delegerer avgjerdsretten sin etter Lov om adopsjon til utval for oppvekst og omsorg, så langt det er høve til det og så langt slik avgjerdsrett ikkje er delegert til administrasjonssjefen.
- 3.2.21** Lov om arkiv av 4. desember 1992 nr. 126
Kommunestyret delegerer avgjerdsretten sin etter Lov om arkiv til utval for personal- og økonomi, så langt det er høve til det og så langt slik avgjerdsrett ikkje er delegert til administrasjonssjefen.

4. DELEGASJON TIL UTVAL FOR NATUR.

§ 4.0 Val og samansetning.

Utval for natur består av 7 medlemmer med varamedlemmer, valde av kommunestyret for den kommunale valperioden. Leiar og nestleiar vert valde av kommunestyret.

§ 4.1 Arbeids og ansvarsområde.

- 4.1.01 Utval for natur skal fungera som trafikksikringsutval.
- 4.1.02 Utval for natur er kommunen sitt faste planutval.
- 4.1.03 Utval for natur legg fram miljørapport for kommunestyret kvart år.

§ 4.2 Delegasjon etter særlov med tilhøyrande føresegner.

I medhald av kommunelova § 10 nr. 2, delegerer kommunestyret til naturutvalet å gjera vedtak i alle saker som gjeld kommunestyret sitt ansvarsområde, så langt det er høve til det og så langt slik avgjerdsrett ikkje er delegert til personal- og økonomiutvalet eller administrasjonssjefen.

- 4.2.01** Plan- og bygningslov av 14. juni 1985 nr. 77, med endringer av 18. mars 1994 nr. 5.
Kommunestyret delegerer avgjerdsretten sin etter plan- og bygningslova til naturutvalet, så langt det er høve til det og så langt slik avgjerdsrett ikkje er delegert til administrasjonssjefen.

- 4.2.02** Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver av 14. juni 2002 nr. 20.
Kommunestyret delegerer avgjerdsretten sin etter brannvernlova til naturutvalet, så langt det er høve til det og så langt slik avgjerdsrett ikkje er delegert til administrasjonssjefen.
- 4.2.03** Lov om kartlegging, deling og registrering av grunneigedom av 23. juni 1978 nr. 70.
Kommunestyret delegerer avgjerdsretten sin etter kart- og delingslova til naturutvalet, så langt det er høve til det og så langt slik avgjerdsrett ikkje er delegert til administrasjonssjefen..
- 4.2.04** Veglov av 21.juni 1963 nr.23.
Naturutvalet er kommunen si vegstyremakt etter Veglova § 9, 4.ledd, og tek avgjerd i alle saker der lova legg mynde til kommunen, med unnatak av kap. VI om egedomsinngrep m.m.
Kommunestyret delegerer avgjerdsretten sin etter veglova til naturutvalet så langt det er høve til det og så langt slik avgjerdsrett ikkje er delegert til administrasjonssjefen.
- 4.2.05** Vegtrafikklov av 18. juni 1965 nr. 4.
Kommunestyret delegerer avgjerdsretten sin etter vegtrafikklova til naturutvalet, så langt det er høve til det og så langt slik avgjerdsrett ikkje er delegert til administrasjonssjefen.
- 4.2.06** Lov om konsesjon og om forkjøpsrett for det offentlige ved erverv av fast eiendom av 31. mai 1974 nr. 19.(konsesjonslova) og tilhøyrande føresegner
Kommunestyret delegerer avgjerdsretten sin etter konsesjonslova til naturutvalet, så langt det er høve til det og så langt slik avgjerdsrett ikkje er delegert til administrasjonssjefen.
Føresegner om sakshandsaming i kommunen, jfr. konsesjonslova, odelslova og jordlova. Delegasjon til kommunen:
Kommunestyret delegerer avgjerdsretten sin etter forskrift om sakshandsaming i kommunen jfr. konsesjonslova, odelslova og jordlova til naturutvalet, så langt det er høve til det og så langt slik avgjerdsrett ikkje er delegert til administrasjonssjefen.
- 4.2.07** Lov om jordskifte o.a. (jordskifteloven) av 21. desember 1979 nr. 77.
Kommunestyret delegerer avgjerdsretten sin etter jordskiftelova til naturutvalet, så langt det er høve til det og så langt slik avgjerdsrett ikkje er delegert til administrasjonssjefen.
- 4.2.08** Lov om havner og farvann av 8. juni 1984 nr. 51.
Kommunestyret delegerer avgjerdsretten sin etter hamnelova til naturutvalet, så langt det er høve til det og så langt slik avgjerdsrett ikkje er delegert til administrasjonssjefen.
- 4.2.09** Lov mot vern av forurensinger og om avfall av 13. mars 1981 nr. 6 og tilhøyrande føresegner.
Kommunestyret delegerer avgjerdsretten sin etter forureiningslova til naturutvalet, så langt det er høve til det og så langt slik avgjerdsrett ikkje er delegert til administrasjonssjefen.

- 4.2.10** Lov om friluftslivet (friluftsløva) av 28. juni 1957 nr. 16.
Kommunestyret delegerer sin avgjerdsrett etter friluftsløva til naturutvalet, så langt det er høve til det og så langt slik avgjerdsrett ikkje er delegert til administrasjonssjefen.
- 4.2.11** Lov om viltet av 29. mai 1981 nr. 38.
Kommunestyret delegerer avgjerdsretten sin etter viltlova til naturutvalet, så langt det er høve til det og så langt slik avgjerdsrett ikkje er delegert til administrasjonssjefen.
Delegasjonen tek først til å gjelda frå sept. / okt. 2003 (Ny kommunevalperiode).
- 4.2.12** Lov om laksefisk og innlandsfisk m.v. av 15. mai 1992.
Kommunestyret delegerer avgjerdsretten sin etter lov om laksefisk og innlandsfisk til naturutvalet, så langt det er høve til det og så langt slik avgjerdsrett ikkje er delegert til administrasjonssjefen.
- 4.2.13** Lov om jord av 12. mai 1995 nr. 23.
Kommunestyret delegerer avgjerdsretten sin etter jordlova til naturutvalet, så langt det er høve til det og så langt slik avgjerdsrett ikkje er delegert til administrasjonssjefen.
- 4.2.14** Lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63.
Kommunestyret delegerer avgjerdsretten sin etter lov om naturvern til naturutvalet, så langt det er høve til det og så langt slik avgjerdsrett ikkje er delegert til administrasjonssjefen.
- 4.2.15** Lov om skogbruk og skogvern av 21. mai 1965.
Kommunestyret delegerer avgjerdsretten sin etter skogbruk- og skogvernlova til naturutvalet, så langt det er høve til det og så langt slik avgjerdsrett ikkje er delegert til administrasjonssjefen.
- 4.2.16** Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag av 10. juni 1977 nr. 82.
Kommunestyret delegerer avgjerdsretten sin etter lov om motorferdsle i utmark og vassdrag til naturutvalet, så langt det er høve til det og så langt slik avgjerdsrett ikkje er delegert til administrasjonssjefen.
- 4.2.17** Lov om eigarseksjonering av 23. mai 1997 nr. 31.
Kommunestyret delegerer avgjerdsretten sin etter Lov om eigarseksjonering til naturutvalet, så langt det er høve til det og så langt slik avgjerdsrett ikkje er delegert til administrasjonssjefen.

§ 5 DELEGASJON TIL SOKNERÅD – KYRKJESTYRE.

- 5.1.0** Lov om kirkegårder, kremasjon og gravferd av 7. juni 1996 nr. 32.
Kommunestyret delegerer avgjerdsretten sin etter gravferdslova til sokneråd - kyrkjestyret, så langt det er høve til det og så langt slik avgjerdsrett ikkje er delegert til administrasjonssjefen

6. DELEGASJON TIL PARTSSAMANSETT UTVAL FOR PERSONAL OG LØN - ADMINISTRASJONSUTVALET

§ 6.0 Arbeids-og ansvarsområde.

Heile utvalet:

- 6.0.01** Gjera vedtak om retningslinjer for tilsettings- og rekrutteringsprosedyrar i kommunen.
- 6.0.02** Ta avgjerd i stridsspørsmål om forståing og praktisering av avtalar, reglement og andre vedtak som vedkjem tilsetjings- og arbeidsvilkåra til arbeidstakarane.
- 6.0.03** Ha ansvar for å handsama og gjera framlegg om overordna retningslinjer for kommunen sin personalpolitikk, her under rullering av dei Personalpolitiske Retningslinjer for Samnanger kommune.

Berre arbeidsgjevardelen (politisk valde):

- 6.0.04** Godkjenna sentrale avtalar som KS ikkje har mynde til å avgjera.

7 DELEGASJON TIL ORDFØRAR.

§ 7.0 Arbeids-og ansvarsområde.

- 7.0.01** Ordføraren er den fremste representanten til kommunen og tek seg av dei gjeremåla som er lagde til ordføraren i lover, forskrifter og reglement. Ordføraren bør berre verta vald til andre kommunale verv når dette går fram av gjeldane føresegner, eller når det er naturleg at ordføraren deltek som representant for kommunen.
- 7.0.02** Ordføraren fungerer som bindeledd mellom politisk nivå og administrasjonen, og ser til at politiske vedtak vert følgt opp av administrasjonen. I det daglege fungerer ordførar som administrasjonssjefen sin næraste overordna. Ordførar gjennomfører medarbeidarsamtalar med administrasjonssjefen, i tråd med prinsippa for medarbeidarsamtalar i resten av kommunen.
- 7.0.03** Ordføraren sørgjer for å kalla inn til møte i kommunestyret og personal- og økonomiutvalet i samsvar med reglane i kommunelova og reglement vedtekne i Samnanger kommune.
- 7.0.04** Ordføraren leiar møta i kommunestyret, personal- og økonomiutvalet, og administrasjonsutvalet i samsvar med reglane i kommunelova og vedtekne reglement. Ordføraren pliktar å sørgja for rettleiing til kommunestyret om reglar for sakshandsaming, under dette også om spørsmål om å vera ugild og om mindretalsanke.

- 7.0.05** Ordføreren tek avgjerd om ei sak er godt nok førebudd til å verta handsama i politiske utval.
- 7.0.06** Ordføreren er kommunen sin rettslege representant. Administrasjonen skal leggja rettsdokument og andre viktige dokument fram for ordføreren. Ordføreren underteiknar rettsdokument og saksdokument som har vore handsama i politiske fora.
- 7.0.07** Ordføreren skal halda seg orientert om saker av særleg interesse for kommunen.
Ordføreren tek initiativ til at viktige spørsmål vert tekne opp til handsaming og førelagt rett kommunalt organ. Ordføreren skal halda seg orientert om kommuneøkonomien.
- 7.0.08** Ordføreren sørgjer for at kommunestyret vert gjort kjent med den økonomiske stoda i kommunen, tiltak som har mykje å seia for kommunen og om nye vedtak, føresegner, rundskriv, viktige meldingar og viktige saker som er under førebuing.
- 7.0.09** Politiske førespurnader om utgreiingar av saker/sakskompleks vert stila til ordføreren.
- 7.0.10** Ordføreren har mynde til å ta avgjerd om kva utval som skal handsama saker som er sektorovergripande.
- 7.0.11** Ordføreren har mynde til å krevja at ei sak som skulle vore handsama i kommunestyret, vert lagd fram for personal- og økonomiutvalet til avgjerd.
- 7.0.12** Ordføreren tek avgjerd om det skal søkjast om heidersteikn til politikarar og tilsette innanfor reglane til KS.
- 7.0.13** Ordføreren har personal- og økonomiutvalet si avgjerdsmynde ved lengre opphald i møteverksemda til personal- og økonomiutvalet; mellom anna i sommarferien, når saka hastar eller det ikkje vert vurdert som naudsynt å kalla inn personal- og økonomiutvalet.

8 DELEGASJON TIL VARAORDFØRAR.

§ 8.0 Arbeids-og ansvarsområde.

Varaordfører har ordfører sitt mynde i ordføreren sitt fråver, t.d. ved sjukdom, lengre reiser, feriar og liknande.

9 DELEGASJON TIL SKATTEUTVALET.

§ 9.0 Arbeids-og ansvarsområde.

9.0.01 Ta avgjerd i saker om utgiftsføring av skatt i ”billighetssaker” på inntil kr. 50.000.

9.0.02 Ta avgjerd i saker om utgiftsføring i ”billighetssaker” vedkomande morarenter og innfordringsutgifter for beløp inntil kr.20.000

10 DELEGASJON TIL ADMINISTRASJONSSJEF.

§ 10.0 Generell ramme.

Kommunestyret gjev adm.sjefen mynde til å treffa vedtak i einskildsaker som ikkje har prinsipiell verdi, jamfør kommunelova § 23 punkt 4.

Om kva som er av prinsipiell verdi seier Ot.Prp. Nr. 42 (91-92) m.a. følgjande:

”Hva som er av prinsipiell betydning må fastsettes ikke bare ut fra vedtakets karakter og konsekvenser og ut fra kommunens eller fylkeskommunens størrelse, men også ut fra en vurdering av i hvilken utstrekning de viktige skjønsmessige sider av den aktuelle avgjørelsen må anses klarlagt gjennom politiske vedtak, instruksjer eller tidligere praksis.”

Dersom adm.sjefen er i tvil om ei sak har prinsipiell/politisk karakter, vert spørsmålet om dette å leggja fram for ordføraren.

Adm.sjefen får fullmakt til å føreta redaksjonelle mindre formelle tilpassingar i Delegasjonsreglementet som følgje av endringar i lovverket og nytt lovverk.

§ 10.1 Administrasjonssjefen sin styrings- og avgjerdsrett.

Administrasjonssjefen har slik mynde i høve budsjettsaker, rekneskap og avtalar:

Kommunelova sine rekneskapsforskrifter §11 tek for seg kommunestyret si delegering i budsjettsaker.

10.1.01 Disponerer kommunen sine bankkonti

10.1.02 Har tilvisingsfullmakt for heile kommunebudsjettet

10.1.03 Har fullmakt til å nytta avsette midlar på fond så lenge midlane vert nytta til det føremålet som kommunestyret har bestemt

10.1.04 Har fullmakt til å gjera endringar i driftsbudsjettet når einingane sine nettorammer ikkje vert endra

10.1.05 Har fullmakt til å godkjenna lånevilkår ved opptak av lån som er godkjent av kommunestyret

10.1.06 Har fullmakt til å refinansiera tidlegare opptekne lån

10.1.07 Har fullmakt til å plassera overskotslikviditet i samsvar med vedtekne retningsliner, f-sak 135/93.

Nye reglar / retningsliner kjem i løpet av 1. halvår 2002.

10.1.08 Har fullmakt til å tildela etableringslån, utbetningslån og utbetringstilskot i samsvar med retningsliner frå Husbanken

- 10.1.09 Har fullmakt til å fastsetja individuelle betalingsplanar for tilbakebetaling av etablerings- og utbetningslån, herunder fullmakt til å gje betalingsutsetting
- 10.1.10 Har fullmakt til å godkjenna ny debitor for etablerings- og utbetningslån ved skilsmål eller liknande samlivsbrot
- 10.1.11 Har fullmakt til å fråvika pant
- 10.1.12 Har fullmakt til å sletta pant
- 10.1.13 Har innkjøpsfullmakt innafor vedteke budsjett
- 10.1.14 Har fullmakt til å setja i verk utleggsforretningar for kommunale krav
- 10.1.15 Har fullmakt til å krevja tvangsauksjon for kommunale avgifter og andre kommunale krav
- 10.1.16 Har fullmakt til å avskriva kommunale krav
- 10.1.17 Har fullmakt til å selja og/eller utrangera utstyr og materiell
- 10.1.18 Har fullmakt til å ta avgjerd i saker der organisasjonar har søkt om økonomisk stønad, støtteannonse eller liknande
- 10.1.19 Har fullmakt til å berekna og utbetala lovfesta tilskot til livssyns- og trussamfunn
- 10.1.20 Har fullmakt til å fordela stønad til politiske parti etter staten sine reglar
- 10.1.21 Har fullmakt til å godkjenna/avslå framlegg om tvungen gjeldsordning (gjeld ikkje skatt)
- 10.1.22 Har fullmakt til å inngå avtalar om kraftkjøp til kommunale bygg, veglys og kommunaltekniske anlegg. Fullmakta gjeld og oppseiing av slike avtalar
- 10.1.23 Fullmaktene i høve budsjett, rekneskap og avtaler skal ikkje nyttast på ein slik måte at budsjettet vert endra i strid med prioriteringane eller føresegnene frå politiske organ.
- 10.1.24 Har fullmakt til å tildela treningstid i kommunale idrettsanlegg etter nærare retningslinjer som skal vedtakast av utval for oppvekst og omsorg.

Administrasjonssjefen har slik mynde i høve personal- og organisasjonssaker:

Det er ein føresetnad at adm.sjefen forvaltar delegasjonsfullmakta i samsvar med avtalte reglar og retningslinjer i hovudavtalar, tariffavtalar, lokale avtalar samt relevant lovgjeving til ei kvar tid.

- 10.1.25 Å omgjera, oppretta og leggja ned stillingar (faste og mellombelse) i dei høve der tiltaket er i tråd med årsbudsjett, handlingsprogram og økonomiplan, jamfør kommunelova §24 pkt. 1.
- 10.1.26 Å tilsetja i alle stillingar med unnatak av adm.sjef og ass.adm.sjef.
- 10.1.27 Å seia opp i alle stillingar med unnatak av adm.sjef og ass.adm.sjef.
- 10.1.28 Å godkjenna instruksar for alle stillingar med unnatak av adm.sjef.
- 10.1.29 Å godkjenna lønsansiennitet for tilsette.
- 10.1.30 Å innvilga permisjonar.
- 10.1.31 Å gje påskjøning til tilsette etter eige reglement.
- 10.1.32 Å godkjenna telefonordning for tilsette etter eige reglement.
- 10.1.33 Å godkjenna søknader om flyttegodtgjersle etter eige reglement.
- 10.1.34 Å godkjenna bruk av eigen bil i tenesta etter eige reglement.
- 10.1.35 Å godkjenna ekstraarbeid utanom hovudstillinga i kommunen etter eige reglement.
- 10.1.36 Å treffa vedtak i alle andre saker vedkomande personalspørsmål som gjennom særlege retningslinjer er delegert frå politiske organ, jamfør kommunelova §24, Personalpolitiske retningslinjer for Samnanger kommune og KS si personalhandbok.

- 10.1.37 Å gjera organisasjonsendringar som ikkje er av strukturell karakter.
- 10.1.38 Å oppretta eller leggja ned sysselsetjingstiltak som er i samsvar med godkjende avtalar og tilsegn for arbeidsmarknadstiltak, og som er i samsvar med årsbudsjett og økonomiplan.
- 10.1.39 Å gjera vedtak om lønsplassering av nyoppretta stillingar.
- 10.1.40 Å førestå utleige av kommunale gjennomgangsbustader.
- 10.1.41 Å engasjera tilsette i Samnanger kommune til internopplæringa i kommunen.
- 10.1.42 Å engasjera støttekontaktar, og å engasjera hjelp innafør bestemte tidsrom til spesielle tiltak innafør barnevern, jamfør Lov om barneverntjenester § 2-1.
- 10.1.43 Å avgjera, etter drøftingar med dei aktuelle arbeidstakarorganisasjonane, om ledige stillingar skal lysast ut internt eller eksternt.
- 10.1.44 Å disponera kursmidlane i tråd med opplæringsplan. I samarbeid med leiargruppa gjeld fullmakta også fordeling av avsette kursmidlar til dei einskilde einingane sine opplæringsplanar.

Administrasjonssjefen har slik mynde som øverste administrative leiar:

- 10.1.45 Å ta imot forkynningar og meldingar på vegner av kommunen i samband med rettssaker og liknande, reisa søksmål (forliksklage og stemning) på vegner av kommunen, anleggja privat straffesak eller krevja offentleg påtale (Almindeleg borgerlig Straffelov-Straffeloven- av 22. mai 1902 nr. 10.)når dette er nødvendig.

Administrasjonssjefen har slik mynde etter særlov:

- 10.1.46 Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa av 17. juni 1998 nr. 61.
Adm.sjefen tek avgjerd i saker innanfor opplæringslova så langt denne lova gjev høve til å delegera mynde frå politiske organ til adm.sjefen.
- 10.1.47 Lov om barnehager av 5. mai 1995 nr. 19.
Adm.sjefen tek avgjerd i saker innanfor barnehagelova så langt denne lova gjev høve til å delegera mynde frå politiske organ til adm.sjefen.
- 10.1.48 Lov om vaksenopplæring av 28. mai 1976 nr. 35.
Adm.sjef tek avgjerd i saker innanfor vaksenopplæringslova så langt denne lova gjev høve til å delegera mynde frå politiske organ til adm.sjefen.
- 10.1.49 Plan- og bygningslov av 14. juni 1985 nr. 77, med endringer av 18. mars 1994 nr. 5.
Adm.sjef tek avgjerd i saker innanfor plan- og bygningslova så langt denne lova gjev høve til å delegera mynde frå politiske organ til adm.sjefen.
Adm.sjefen får delegert mynde til mindre vesentleg endring av plan når det ikkje medfører auka utgifter for kommunen.
Adm.sjefen får mynde til mellombels dispensasjon når det ikkje medfører auka utgifter for kommunen.
Adm.sjefen får fullmakt til å kunngjera oppstart av reguleringsplan i samsvar med § 27-1.1. og 1.2. for reguleringsplanar.

- 10.1.50** Lov om kartlegging, deling og registrering av grunneigedom av 23. juni 1978 nr. 70.
Adm.sjef tek avgjerd i saker innanfor kart- og delingslova så langt denne lova gjev høve til å delegera mynde frå politiske organ til adm.sjefen.
- 10.1.51** Veglov av 21. juni 1963 nr. 23.
Adm.sjef tek avgjerd i saker innanfor veglova så langt denne lova gjev høve til å delegera mynde frå politiske organ til adm.sjefen.
- 10.1.52** Vegtrafikklov av 18. juni 1965 nr. 4.
Adm.sjef tek avgjerd i saker innanfor vegtrafikklova så langt denne lova gjev høve til å delegera mynde frå politiske organ til adm.sjefen.
- 10.1.53** Lov om konsesjon og om forkjøpsrett for det offentlige ved erverv av fast eiendom av 31. mai 1974 nr. 19.(konsesjonslova) og tilhøyrande føresegner
Ad.sjef tek avgjerd i saker innanfor vegtrafikklova så langt denne lova gjev høve til å delegera mynde frå politiske organ til adm.sjefen.
- 10.1.54** Lov om kommunale vass- og kloakkavgifter av 31. mai 1974 nr. 17.
Adm.sjef tek avgjerd i saker innanfor Lov om kommunale vass- og kloakkavgifter så langt denne lova gjev høve til å delegera mynde frå politiske organ til sjefen.
- 10.1.55** Lov om jordskifte o.a. (jordskifteloven) av 21. desember 1979 nr. 77.
Adm.sjef tek avgjerd i saker innanfor jordskiftelova så langt denne lova gjev høve til å delegera mynde frå politiske organ til adm.sjefen.
- 10.1.56** Lov om havner og farvann av 8. juni 1984 nr. 51.
Adm.sjef tek avgjerd i saker innanfor hamnelova så langt denne lova gjev høve til å delegera mynde frå politiske organ til adm.sjefen.
- 10.1.57** Lov om vern mot forurensinger og om avfall av 13. mars 1981 nr. 6 og tilhøyrande føresegner.
Adm.sjef tek avgjerd i saker innanfor forureiningslova så langt denne lova gjev høve til å delegera mynde frå politiske organ til adm.sjefen.
I avgjerd blir utvalsleiar av dei respektive utvala kontakta, og kan då velja å ta det opp politisk før endeleg avgjerd vert tatt.
- 10.1.58** Lov om folkebibliotek av 20. desember 1985 nr. 108.
Adm.sjef tek avgjerd i saker innanfor biblioteklova så langt denne lova gjev høve til å delegera mynde frå politiske organ til adm.sjefen.
I avgjerd blir utvalsleiar av dei respektive utvala kontakta, og kan då velja å ta det opp politisk før endeleg avgjerd vert tatt.
- 10.1.59** Lov om film og videogram av 15. mai 1987 nr. 21.
Adm.sjef tek avgjerd i saker innanfor film og videogramlova så langt denne lova gjev høve til å delegera mynde frå politiske organ til adm.sjefen.
- 10.1.60** Lov om friluftslivet (friluftslova) av 28. juni 1957 nr. 16.
Adm.sjef tek avgjerd i saker innanfor friluftslova så langt denne lova gjev høve til å delegera mynde frå politiske organ til adm.sjefen.

- 10.1.61** Lov om kulturminner av 9. juni 1978 nr. 50.
Adm.sjef tek avgjerd i saker innanfor kulturminnelova så langt denne lova gjev høve til å delegera mynde frå politiske organ til adm.sjefen.
I avgjerd blir utvalsleiar av dei respektive utvala kontakta, og kan då velja å ta det opp politisk før endeleg avgjerd vert tatt.
- 10.1.62** Lov om viltet av 29. mai 1981 nr. 38.
Adm.sjef tek avgjerd i saker innanfor viltlova så langt denne lova gjev høve til å delegera mynde frå politiske organ til adm.sjefen.
- 10.1.63** Lov om laksefisk og innlandsfisk m.v. av 15. mai 1992.
Adm.sjef tek avgjerd i saker innanfor Lov om laksefisk og innlandsfisk så langt denne lova gjev høve til å delegera mynde frå politiske organ til adm.sjefen.
- 10.1.64** Lov om jord av 12. mai 1995 nr. 23.
Adm.sjef tek avgjerd i saker innanfor jordlova så langt denne lova gjev høve til å delegera mynde frå politiske organ til adm.sjefen.
- 10.1.65** Lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63.
Adm.sjef tek avgjerd i saker innanfor Lov om naturvern så langt denne lova gjev høve til å delegera mynde frå politiske organ til adm.sjefen.
- 10.1.66** Lov om skogbruk og skogvern av 21. mai 1965.
Adm.sjef tek avgjerd i saker innanfor skogbruk og skogvernlova så langt denne lova gjev høve til å delegera mynde frå politiske organ til adm.sjefen.
- 10.1.67** Lov om barneverntjenester av 7. juli 1992 nr. 100.
Adm.sjef nemner opp sosialeininga til administrasjon av barnevernet. Leiar av sosialeininga er øvste leiar av barneverntenesta.
- 10.1.68** Lov om etablering og gjennomføring av psykisk helsevern av 2. juli 1999 nr. 62. og tilhøyrande føresegner
Adm.sjef tek avgjerd i saker innanfor psykisk helsevernlova så langt denne lova gjev høve til å delegera mynde frå politiske organ til adm.sjefen.
- 10.1.69** Lov om sosiale tjenester m.v. av 13. desember 1991 nr. 81.
Adm.sjef tek avgjerd i saker innanfor sosialtenestelova så langt denne lova gjev høve til å delegera mynde frå politiske organ til adm.sjefen.
- 10.1.70** Lov om vergemål for umyndige av 22. april 1927 nr. 3
Adm.sjef tek avgjerd i saker innanfor sosialtenestelova så langt denne lova gjev høve til å delegera mynde frå politiske organ til adm.sjefen.
- 10.1.71** Lov om helsetenesten i kommunene av 19. november 1982 nr. 66.
Adm.sjef tek avgjerd i saker innanfor helsetenestelova så langt denne lova gjev høve til å delegera mynde frå politiske organ til adm.sjefen.
- 10.1.72** Lov om spesialisthelsetjenesten m.m. av 2. juli 1999 nr. 61.
Adm.sjef tek avgjerd i saker innanfor spesialisthelsetenestelova så langt denne lova gjev høve til å delegera mynde frå politiske organ til adm.sjefen.
- 10.1.73** Lov om helsepersonell m.v. av 2. juli 1999 nr. 64.

Adm.sjef tek avgjerd i saker innanfor helsepersonellova så langt denne lova gjev høve til å delegera mynde frå politiske organ til adm.sjefen.

- 10.1.74** Lov om pasientrettigheter av 2. juli 1999 nr. 63.
Adm.sjef tek avgjerd i saker innanfor pasientrettlova så langt denne lova gjev høve til å delegera mynde frå politiske organ til adm.sjefen.
- 10.1.75** Forskrift om sakshandsaming i kommunen, jfr. konsesjonslova, odelslova og jordlova. Delegasjon til kommunen.
Adm.sjef tek avgjerd i saker innanfor ovannemnde forskrift så langt denne forskrifta gjev høve til å delegera mynde frå politiske organ til adm.sjefen.
- 10.1.76** Lov om kirkegårder, kremasjon og gravferd av 7. juni 1996 nr. 32.
Adm.sjef tek avgjerd i saker innanfor gravferdslova så langt denne lova gjev høve til å delegera mynde frå politiske organ til adm.sjefen.
- 10.1.77** Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag av 10. juni 1977 nr. 82.
Adm.sjef tek avgjerd i saker innanfor Lov om motorferdsle i utmark så langt denne lova gjev høve til å delegera mynde frå politiske organ til adm.sjefen.
- 10.1.78** Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v. av 2. juni 1989 nr. 27.
Adm.sjef tek avgjerd i saker innanfor alkohollova så langt denne lova gjev høve til å delegera mynde frå politiske organ til adm.sjefen.
- 10.1.79** Lov om serveringsverksemd av 13. juni 1997 nr. 55.
Adm.sjef tek avgjerd i saker innanfor serveringslova så langt denne lova gjev høve til å delegera mynde frå politiske organ til adm.sjefen.
- 10.1.80** Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver av 14. juni 2002 nr. 20.
Adm.sjef tek avgjerd i saker innanfor Lov om brannvern så langt denne lova gjev høve til å delegera mynde frå politiske organ til adm.sjefen.
- 10.1.81** Lov om tilsyn med næringsmidler m.v. av 19. mai 1993 nr. 3.
Adm.sjef tek avgjerd i saker innanfor Lov om tilsyn med næringsmidler så langt denne lova gir høve til å delegera mynde frå politiske organ til Adm.sjefen.
- 10.1.82** Lov om stadnamn av 18. mai 1990 nr. 11.
Adm.sjef tek avgjerd i saker innanfor Lov om stadnamn så langt denne lova gjev høve til å delegera mynde frå politiske organ til adm.sjefen.
- 10.1.83** Lov om eigarseksjonering av 23. mai 1997 nr. 31.
Adm.sjef tek avgjerd i saker innanfor Lov om eigarseksjonering så langt denne lova gjev høve til å delegera mynde frå politiske organ til adm.sjefen.
- 10.1.84** Lov om vern mot smittsomme sykdommer av 5 august 1994 nr. 55.

Adm.sjef tek avgjerd i saker innanfor Lov om vern mot smittsomme sykdommer så langt denne lova gir høve til å delegera mynde frå politiske organ til adm.sjefen.

10.1.85 Almindeleg borgerlig Straffelov (Straffeloven) av 22. mai 1902 nr. 10.
Adm.sjef tek avgjerd i saker innanfor Straffeloven så langt denne lova gir høve til å delegera mynde frå politiske organ til adm.sjefen.

10.1.86 Lov om adopsjon av 28. februar 1986 nr. 8
Adm.sjef tek avgjerd i saker innanfor adopsjonslova så langt denne lova gjev høve til å delegera mynde frå politiske organ til adm.sjefen.

10.1.87 Lov om arkiv av 4. desember 1992 nr. 126
Adm.sjef tek avgjerd i saker innanfor arkivlova så langt denne lova gjev høve til å delegera mynde frå politiske organ til adm.sjefen.

Det er ein føresetnad at administrasjonssjefen forvaltar delegasjonsfullmakta i samsvar med avtalte reglar og retningsliner i hovudavtalar, tariffavtalar, lokale avtalar samt relevant lovgjeving til ei kvar tid.

11. KLAGEREGLAR.

§ 11.0 Generelt.

Adm.sjefen sine avgjerder gjort etter dette reglement kan påklagast til det overordna organet som i samsvar med lov, føresegner, reglement m.m. eller andre statlege eller kommunale retningsliner er saksansvarleg (klageinstans). Det skal følgjast prosedyrar for klagehandsaming som er fastlagde gjennom lov og regelverk.

Klage på vedtak som er gjort av adm.sjefen skal normalt ha oppsetjande verknad.

Adm.sjefen kan likevel, dersom særlege sterke grunnar taler for det, eller fordi det av tidsomsyn er turvande å ta avgjerd straks, fråvika kravet om oppsetjande verknad. Ei slik avgjerd skal grunngjevast særskild.

§ 11.1 Kommunal klagenemnd.

Klagenemnda har 5 medlemmer med varamedlemmer som vert valde av kommunestyret for den kommunale valperioden.

§ 11.2 Arbeidsområde for klagenemnda.

Klagenemnda handsamar klager vedr. einskildvedtak, jfr. Forvaltningslova § 28, som er fatta av kommunale eller politiske organ (med unntak av kommunestyret) der det ikkje etter særlov er eige klageadgang/statleg klageorgan.

12 ADMINISTRASJONSSJEFEN SITT RAPPORTERINGSANSVAR.

Adm.sjefen har ansvar for at det vert etablert gode rapporteringsrutinar til politiske organ, slik at desse til ei kvar tid er orienterte om saksomfang, vedtaksrutinar og beslutningsnivå i høve bruken av delegasjonsfullmaktene.

13 ADMINISTRASJONSSJEFEN SITT INFORMASJONSANSVAR.

Adm.sjefen har ansvar for at Samnanger kommune har etablert ei tilfredsstillande informasjonsteneste – både med omsyn til ekstern informasjon og informasjon til politikarane og dei tilsette.

14 GENERELLE REGLAR FOR BRUK AV DELEGERT FULLMAKT.

§ 14.0 Retningsliner for utøving av fullmakt.

All delegert avgjerdsrett må brukast i samsvar med lover, forskrifter og retningsliner gjevne av overordna organ, og innanfor dei rammer og føresetnader som ligg i budsjett, økonomiplan og kommuneplan.

§ 14.1 Tilbakekalling av fullmakt i einskildsaker.

Eit overordna organ kan krevja å få framlagt saker som eit underordna organ har til handsaming etter delegert fullmakt.

§ 14.2 Rett til å la vera å gjera bruk av delegert fullmakt ved særskilde høve.

Den som har fått delegert avgjerdsrett kan, ved særskilde høve, overlata til overordna instans å ta avgjerd.

§ 14.3. Omgjeringsrett.

Eit overordna organ kan, i samsvar med § 35 i forvaltningslova, gjennom eigne tiltak gjera om eit vedtak som tidlegare er fatta av underordna organ. I saker der ein part ikkje har klagerett på einskildvedtak, må slik omgjerding ikkje finna stad etter at vedtaket er gjort kjent for partane.

§ 14.4 Mindretalsanke.

I saker der folkevald organ er delegert avgjerdsrett frå kommunestyret kan tre medlemmer, ordføraren eller adm.sjefen krevja saka lagt fram for kommunestyret. Krav må setjast fram i same møte som vedtaket er gjort, og kravet skal protokollførast.

§14.5 Partar sin klagetilgang.

Partar og andre med rettsleg klageinteresse har rett til å få enkeltvedtak overprøvd av næraste overordna organ i samsvar med reglane i forvaltningslova og særlover.

Vedlegg til delegasjonsreglement

UTVAL I SAMNANGER KOMMUNE

X tyder at nemnda/utvalet er pålagt ved lov.

Representasjon tyder kor mange representantar som vert valde og kva utval/styre som vel dei.

Kst = Kommunestyret

Fsk = Formannskapet

Fvs = Forvaltningsstyret

Utval/råd	Lov-pålagt	Representasjon	Kommentarar
Kommunestyret	X		
Formannskapet/ personal og Økonomiutval	X	5 / kst	
Utval for oppvekst og omsorg.		7 / kst	
Kontrollutvalet	X	5 / kst	
Partssamansett utval Arbeidsmiljøutvalet-AMU (Underutval:AKAN, attføringsutvalet)	X	6 / kst	3 valde av arbeidstakarorgani sasjonen.
Eldreråd	X	5 / kst	
Beredskapsråd			
Partssamansett utval Administrasjonsutval	X	5 + 2 / kst	2 valde av arbeidstakarorgani sasjon.
Utval/råd	Lov-pålagt	Representasjon	Kommentarar
Kommunal Krisestab	X		
Partssamansett utval Tilflyttningsnemnd	X		
Likningsnemnd	X		
Overlikningsnemnd	X		
Klagenemnd	X		
Skatteutval	X		

Forlikrådet	X		
Konfliktrådet (1 kontakt-person + 1 meklar)	X		
Overformynderi, medlem og forretningsførande overformynder	X		
Soknerådet	X		
Bergen og omland Havnestyret og Havnerådet			
IUA Bergen region, deltaking årsmøte			
Bergen og omland Friluftsråd, styrerepr.			
BiR generalforsamling-representantskapet og styre			
Driftsassistanse i Hordaland (vatn og avløp)			
ILgat, legatstyret	X		Legatlova
Viltnemnd			
Dyrevernsmemnd veterinærdistrikt	X		
Utval/råd	Lov-pålagt	Representasjon	Kommentarar
Bjørnefjorden Næringsutvikling, Styret			
Heimevernsmemnd	X		
Krigsskadenemnd	X		
Innkvarteringsnemnder krinsvis 8 med 3 medl. i kvar nemnd	X		
Midthordl. Revisjons-distrikt, styrerepr.	X		
Næringsmiddeltilsynet, styret			
Takstnemnd for Statens Fiskerbank			
Takstutval for jord og skogbruk			
Barnerepresentantordninga etter plan-og bygningslova	X		
Ungdommens kommunestyre,			
Valstyre	X		